



Til 57 av laga i Noregs Ungdomslag.

Oslo, 9. desember 2019

For ei lita stund tilbake fekk laget dykkar tilsendt ein faktura frå Noregs Ungdomslag (NU), merka Gramo. Det har kome ein del spørsmål, så her kjem litt meir informasjon om kvifor de har fått denne fakturaen.

Om Gramo

Gramo er ein non-profit-organisasjon som er til for at artistar, musikarar og mastereigarar skal få betalt når musikken deira vert nytta. Vederlaget som kjem inn til Gramo frå brukarar av musikken (altså frå dykk) vert fordelt ut til artistar og eigarane av musikken. Dersom ein nyttar musikk som er høyrbart for sine kundar eller gjestar, skal ein følge norsk lov betale til dei som eig musikken. Bestemmelsane står i åndsverklovens § 21 og lovens forskrifter. Kulturdepartementet har autorisert Gramo til å krevje inn og fordele pengane (vederlaget) på vegner av musikarane, artistane og plateselskapene.

Kva er skilnaden mellom Gramo og TONO?

Både TONO og Gramo tek vare på rettane til dei som lagar og eig musikk. Skilnaden er at TONO betaler ut pengar til dei som har skrive ein låt, og Gramo betaler ut pengar til dei som har sunge, spelt og gitt den ut. Dersom ein driv ein radiostasjon, kafé, restaurant, hotell, treningsenter, eller på anna måte spelar musikk for sine kundar eller gjester, skal ein rapportere og betale for dette til både Gramo og TONO. Når du betalar til Gramo og TONO følger du norsk lov og du kan spele all musikk du måtte ynske. NU har per dags dato ikkje ein sentral samleavtale med TONO, så dette må laga førebels rapportere inn sjølv direkte til TONO.

Noregs Ungdomslag (NU) og Gramo

I 2017 tok Gramo kontakt med NU for å inngå ei avtale om bruk av innspelt musikk nytta av danselaga våre på danseøvingar og andre tilskipingar. Etter samtalar med Gramo fann me ut at det ville vera enklare og meir lønsamt for laga våre å inngå ein samleavtale der sentralleddet i NU vert fakturert for den totale kostnaden og vidare fakturerer ut til kvart enkelt lag, mot for at kvart lag skulle rapportere og betale direkte til Gramo. Laga i NU får difor 15 % rabatt på vederlagsavgifta grunna samleavtala. Gramo sitt tariffnivå 1 gjeld for musikk nytta mellom 1-500 timer i løpet av eit år, det er denne tariffen som gjeld for laga i NU.

NU har eit spørsmål i årsrapporten til laga der ein svarer på om laget har nytta innspelt musikk i året som har gått. Kvart år, etter at årsrapportane frå laga er komne inn til NU, sender me beskjed om tal lag til Gramo som oppgjer i årsrapporten at dei har nytta innspelt musikk. På grunnlag av dette mottek NU faktura frå Gramo og sender vidare faktura til kvart enkelt lag. Sidan årsrapporten hentar inn informasjon om det føregåande året vil faktura som kjem i t.d. 2019 gjelde for innspelt musikk nytta i 2018. Alle lag som nyttar innspelt musikk på øvingar og tilskipingar er plikt til å betale vederlagsavgift til Gramo.

For laga i NU kan innspelt musikk t.d. gjelde musikk spelt via CD, kassett, Spotify, Tidal, iTunes eller liknande som de nyttar til dansekveldar, øvingar, kurs, framsyningar og andre stader der dykkar medlemmer og gjester høyrer musikken. Sjølv om de allereie har betalt for CD-plata i butikken, abonnementet på Spotify eller albumet de lasta ned frå iTunes må de likevel betale til Gramo for at eigarane av musikken skal få betalt for at musikken vert nytta for eit større publikum enn deg sjølv heime i stova.

NU vart fakturert for første gong i 2018, på grunnlag av året 2017. Dette første året betalte NU heile kostnaden for alle dei 57 laga som rapporterte på bruk av innspelt musikk. Dette vart gjort sidan vart inngått før ein fekk tid til å informere ut til laga. I 2019 må difor laga betale avgifta sjølv, og ein må rekne med å betale avgifta for dei komande åra dersom ein nyttar innspelt musikk. Det har tidlegare vore informert i mellom anna nyheitsbrev til tillitsvalde og i Ungdom om avtala med Gramo.

Er det framleis noko som er uklart ber me dykk om å ta kontakt med NU-kontoret.

**Beste helsing
Noregs Ungdomslag**